

Nei til kraftutbygging i verna vassdrag

Høge straumprisar og trong for meir fornybar energi har fått fleire politikarar til å peike på utbygging av verna vassdrag som ei løysing. Møre og Romsdal SV seier nei til inngrep i desse verdfulle økosystema. Både Lars Haltbrekken og vår eiga Birgit Oline Kjerstad har uttala at ikkje eit einaste verna vassdrag skal rørast, og at det største naturtapet har skjedd gjennom regulering av vassdrag.

Løysinga på kraftkrisa er ikkje å bygge ut fleire verna vassdrag. Naturkrisa er minst like stor som klimakrisa, og vi løyser ikkje den eine ved å forsterke den andre! Ei slik utbygging vil også ha ein avgrensa effekt på kraftproduksjonen. NVE meiner gevinsten ved slik utbygging vil vere liten, og at det er mykje å hente på energieffektivisering. I tillegg kan vi oppgradere eksisterande vasskraftverk, t.d. ved å skifte til nye og meir effektive turbinar.

I 2001 sa Jens Stoltenberg at tida for nye store vasskraftutbyggingar i Noreg er forbi. No ser det ut til at nokre tolkar varig vern som mellombels vern. Regjeringa må så fort som råd stadfeste at vernet er reelt og juridisk bindande.

Norsk vassdragsnatur er unik i europeisk samanheng. Fossar, elvar og bekker gjev liv til eit rikt og variert biologisk mangfald. Vassdragsnaturen er heim for mange sjeldne og trua artar, td villaksen, som nyleg hamna på Raudlista. Elvane gjev også naturopplevingar i form av padling, fising, bading og anna friluftsliv. Utbygging kan medføre tørrlagde elvar, noko som i neste omgang kan gjere at fugl, fisk, insekt og økosystem forsvinn. Å ofre naturen for klimaet er sjølvmotseiande. Noko av poenget med å stoppe klimakrisa er å unngå at økosystem kollapsar.

Takka vere politisk vilje til å prioritere naturvern, har vi klart å behalde denne naturarven. 389 vassdrag er verna i dag. For å ta vare på verneverdiane er det utarbeidd rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Det er viktig å vite kva verdiar som finst i vassdraga og naturen rundt dei. I dag er verneverdiane i omtrent ein tredjedel av vassdraga dokumentert. I mange vassdrag har vi for lite kunnskap, men ein veit at vasskraft har store negative konsekvensar for truga artar.

389 verna vassdrag hørest kanskje mykje ut, men talet på utbygde vassdrag er nesten tre gongar større enn dei som er verna. Å byggje ut verna vassdrag vil ikkje vere miljømessig forsvarleg. Dei verna vassdraga er siste skanse mot nedbygging av den unike vassdragsnaturen vår.

Møre og Romsdal SV skal føre ein ansvarleg politikk for vern av natur og miljø, og krev varig vern av dei 389 vassdraga som står på vernelista.

Møre og Romsdal SV

Sendast til regionale og nasjonale media